



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 11.05.2017
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Anne Sofie Nergård Uthaug, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Brigte Roar Skeie, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg.

Meldt forfall:

Anne Sofie Nergård Uthaug, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Brigte Roar Skeie, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent Møtebok frå møte 23.03.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000002 Reformasjonsforedrag

Det blir forsøkt å få Per Børge Hillestad til konfirmantforeldresamlinga, helst med open innbyding til foredraget. Ansvar: konfirmantleiarane. Ingunn Reigstad tek initiativ i forhold til Magne Bjørndal sitt foredrag. Bjørn Moe blir spurt om å ha sitt foredrag for stab og sokneråd. Ansvar: Torbjørn Aamli. Det vert spurt om det er planar for Knarvik kyrkje.

Sak 000003 Årsmøtet i stiftinga Nordgardsløa

Per Audun Heskestad orienterte. Han melder litt tilbake til styret nokre innspel om organisering av arbeidet på løa.

Sak 000004 Årsmøtet til kyrkjelyden

Soknerådet er godt nøgd med opplegget. Konsentrert program, kyrkjesaka og økonomien vart presentert godt, serveringar fungerte godt, inntekta var god, ca 60 frammøtte.

Sak 002/17 Strategiske tiltak 2017

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Det vart ein samtale om saka. Idar Simonsen har sagt ja til å vere med i gjevartenestekomiteen. Andreas Westermoen reknar med å vere med også. Utanom gjevartenesta et vart det også snakka om idear til korleis formidle håp, forbønnsteneste, forbøn ved bønnevandring, behov for møteplassar utanom gudstenestene, samlivskurs og foreldre kurs, barns deltaking i gudstenestene, økumeniske (tverrkyrkjelege) gudstenester rundt i bygdene.

Vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Sak 003/17 Evaluering av første år med husgruppeprosjekt

Forslag til vedtak:

Det blir høve til å øymerke gåver til husgruppeprosjektet.

Møtebehandling:

Vedtak:

Det blir høve til å øymerke gåver til husgruppeprosjektet.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje